

Eksamensrettleiing

- om vurdering av eksamenssvar 2018

ENG1002/ENG1003 Engelsk fellesfag
Sentralt gitt skriftleg eksamen

Eksamensrettleiing for engelsk fellesfag

Denne eksamensrettleiinga gir informasjon om sentralt gitt eksamen, og korleis denne eksamenen skal vurderast. Rettleiinga skal vere kjend for elevar, vaksne deltakarar, privatistar, lærarar og føresette i god tid før eksamen. Sensorane må bruke rettleiinga som ei felles referanseramme i arbeidet sitt.

Under vil «elevar» bli brukt om både elevar, vaksne deltakarar og privatistar.

1 Organisering av sentralt gitt skriftleg eksamen

Førebuingssdel: Ja
Eksamen: 5 timar

På førebuingssdagen er alle hjelpemiddel tillatne, inkludert bruk av Internett. Førebuingssdagen er obligatorisk skoledag. I førebuingstida kan elevane samarbeide, hente informasjon og få rettleiing.

Sentralt gitt skriftleg eksamen varer i 5 timar. Oppgåvene blir trykte og sende til skolen i tillegg til at dei blir tilgjengelege i PAS på eksamensdagen.

Førebuing

Til eksamen er heile læreplanen til og med Vg1 Studieførebuinge utdanningsprogram/Vg2 Yrkesfaglege utdanningsprogram aktuell. Det inneber at elevane til eksamen kan prøvast i fleire og relevante delar av læreplanen enn det som kan lesast direkte ut av førebuingssmateriellet. Førebuinga skal bidra til å førebue elevane til eksamen, men ikkje vere så konkret at ho avslører eksamensoppgåvene. Læraren skal rettleie, men ikkje undervise i førebuingstida.

Førebuingssmateriellet er knytt opp mot tema på ulike måtar og består av ulike typar tekstar med ulik lengd og vanskegrad. Førebuingssmateriellet er til inspirasjon og bruk som kjelder på eksamensdagen. I førebuingstida kan elevane finne fram relevant materiell som dei har arbeidd med i opplæringa, og finne heilt nytt stoff. Eleven må ta med seg førebuingssmateriellet til eksamen.

Eksamensoppgåvene

Eksamensoppgåvene er baserte på kompetansemåla i læreplanen for faget. Dei prøver den samla kompetansen til elevane ut frå hovudområda *Språklæring, Skriftlig kommunikasjon og Kultur, samfunn og litteratur*.

Det er to deloppgåver, Task 1 og Task 2, der eleven blir beden om å skrive og utforme ein kort og ein lengre tekst. Svara skal vere på engelsk. Eleven må disponere tida slik at det blir svart på begge oppgåvene innanfor ramma på 5 timar.

I Task 1 (short answer) skal elevane velje éi av to oppgåver, 1a eller 1b. Dei kan vere knytte til førebuingssdelen, men dei treng ikkje vere det. I begge oppgåvene skal elevane skrive ein kort tekst. Nokre gonger kan ei av oppgåvene vere spesielt knytt opp mot yrkesfag. Begge oppgåvene er uansett utforma slik at dei kan svarast på uavhengig av utdanningsprogram.

I Task 2 (long answer) skal elevane velje å svare på éi av fire langsvarsoppgåver. Dei er knytte opp mot tekstane i førebuingmateriellet og opnar i tillegg for å bruke anna relevant materiell som elevane har arbeidd med i opplæringa for å gi elevane moglegheit til å vise kompetanse.

Kvar oppgåve har ein tekst med spesifikk oppgåveinstruksjon. Eventuelle kulepunkt i oppgåvene skal hjelpe eleven til å utforme innhaldet i oppgåvesvaret. Kulepunkta og/eller alle delane av oppgåveinstruksjonen beskriv samtidig kva sensor skal leggje vekt på i si vurdering. Det er ikkje slik at kvart kulepunkt eller delinstruksjon tel like mykje, og det er også rom for å ta med meir enn det kulepunkta ber om.

Oppgåveinstruksjonen er styrande for korleis sensor skal vurdere svaret. Derfor er det viktig at eleven svarer på alle delane av oppgåveinstruksjonane. Sensor skal vurdere alle delane, men dei ulike delane skal ikkje vektast. Når karakteren blir sett, skal sensor vurdere kompetansen som er vist i faget.

Ulike typar tekst og utforming av tekstar

I den reviderte læreplanen i engelsk finn ein ikkje lenger omrepet sjanger. I staden bruker ein det vidare omgrepet «type tekst». Hovudområdet *Skriftlig kommunikasjon* dreier seg om å «skrive engelske tekstar i ulike kommunikasjonssituasjoner [...] [Det] dreier seg også om tilpassing av språket til formål og mottaker, blant anna gjennom å skilje mellom formelt og uformelt skriftleg språk. Hovudområdet inneber å utvikle ordforråd og rettskriving, idiomatiske strukturar og grammatiske mønster i skrift. Det omfattar også å skape struktur og samanheng i tekstar».

Til eksamen er det å velje type tekst ein del av den kompetansen elevane viser. Elevane skal ved hjelp av kunnskap om språk og tekst sjølve kunne velje kva type tekst som er best eigna, bearbeide han og tilpasse han til formålet med teksten. Sensor skal derfor vere open for elevens val av type tekst ut frå oppgåveinstruksjonen.

Til eksamen er det å utforme tekstar også ein del av den kompetansen elevane viser i tråd med kompetansemåla «skrive ulike typer tekster med struktur og sammenheng, tilpasset formål og situasjon» og «produsere ulike typer tekster tilpasset digitale formkrav i forskjellige digitale medier».

Digitale formkrav er definerte i læreplanen i teksten om «Digitale ferdigheter». Det inneber «at effekter, bilder, tabeller, overskrifter og punkter er satt sammen for å understreke og formidle et budskap.» Å utforme tekstar i i tråd med digitale formkrav er også ein del av den kompetansen elevane kan vise til eksamen. Derfor blir verbet «create» brukt i oppgåveinstruksjonen i Task 2 (long answer).

2 Hjelpemiddel

På eksamen er alle hjelpemiddel tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. For engelsk, som for andre språkfag, er heller ikkje omsetjingsprogram tillatne.

Ved bruk av isolerte nettbaserte hjelpemiddel til eksamen, er det viktig å kontrollere at kandidatane ikkje kan kommunisere med andre. Samskriving, chat og andre måtar å utveksle informasjon med andre er ikkje tillate.

Gjennom opplæringa i det enkelte faget skal elevane ha blitt rettleidde i å vurdere kva for hjelpemiddel dei vil ha nytte av i arbeidet med å løyse ulike typar oppgåver. Det er eleven sjølv, gjerne i samråd med læraren, som finn fram til kva for hjelpemiddel som er formålstenlege.

3 Bruk av kjelder

Dersom det er aktuelt for elevane å bruke kjelder i svaret, må dei førast opp på ein påliteleg måte. Det finst ulike måtar å føre opp kjelder på. Det viktige er at kjelder som blir brukte til eksamen, er førte opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.

Eleven skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på så vel lærebøker som andre teksta, samt utgjevar og utgjevnad år. Dersom eleven bruker utskrift eller sitat frå nettsider, skal eleven også føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.

Les meir om usjølvstendig bruk av kjelder her: <http://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/sensurere-eksamen/>.

Dersom sensor mistenkjer at eit svar inneheld kopiert materiell utan kjeldetilvising, kan svaret sendast til plagiatkontroll.

Den reviderte læreplanen i engelsk seier at eleven skal kunne «vurdere forskjellige kilder og bruke innhold fra kildene på en selvstendig, kritisk og etterprøvbar måte». Sensor skal derfor både vurdere måten kjeldene er brukte på, og om kjeldene er påliteleg førte opp i elevsvaret. Kjeldeopplysningane i førebuingsmateriellet og eksamensoppgåva viser korleis elevane kan gi opp kjelde. Svar som heilt viser seg å vere kopi av tidligere publisert materiell, vil bli vurdert til karakter 1.

4 Vurdering av eksamenssvar i engelsk etter Vg1 SF/Vg2 YF

Læreplanane og forskrift til opplæringslova er grunndokument for vurderingsarbeidet. Til eksamen er heile læreplanen for faget aktuell. Forskrift til opplæringslova §§ 3-25 og 4-18 slår fast følgjande:

Eksamen skal organiserast slik at eleven/deltakaren eller privatisten kan få vist kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven/deltakaren eller privatisten slik den kjem fram på eksamen.

Kompetanse er i denne samanhengen definert som evna til å møte ei kompleks utfordring eller utføre ein kompleks aktivitet eller oppgåve¹. Eksamensoppgåvene blir utforma slik at dei prøver denne kompetansen. Grunnlaget for å vurdere den kompetansen eleven viser i eksamenssvaret, er kompetansemåla i læreplanen for fag².

¹ St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*

² Forskrift til opplæringslova §§ 3-3 og 4-3

Dei grunnleggjande ferdigheitene er integrerte i kompetansemåla i læreplanane for fag. Grunnleggjande ferdigheiter vil derfor prøvast indirekte til sentralt gitt eksamen.

Sensor skal vurdere kompetansen slik han kjem fram på eksamen, jf. forskrift til opplæringslova §§ 3-25 og 4-18 Eksamenssvaret blir vurdert av to eksterne sensorar. Dersom desse to er ueinige, avgjer ein oppmann karakteren, jf. §§ 3-28 og 4.21 i forskrift til opplæringslova.

4.1 Karakterar

Forskrift til opplæringslova §§ 3-4 og 4-4 har generelle karakterbeskrivingar for grunnopplæringa:

- a) Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget.
- b) Karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget.
- c) Karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget.
- d) Karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget.
- e) Karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget.
- f) Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.

Kjenneteikn på måloppnåing i eksamensrettleiinga beskriv elevens kompetanse på tre nivå. Beskrivingane skal bidra til ei felles forståing av krava til vurdering og til ei rettferdig vurdering.

4.2 Fagspesifikke underpunkt

Vurdering av kompetanse

Sensor skal ikkje vekte oppgåvesvara, men vurdere kompetansen slik han kjem fram på eksamen når karakteren blir sett, jf. forskrift til opplæringslova § 3-25 og §4-18.

Eleven blir bedt om å skrive ein kort og ein lengre tekst til eksamen. Kvar oppgåve prøver ulike kompetansemål i læreplanen. For å få eit førsteinntrykk av svaret bør sensor først lese gjennom den samla tekstproduksjonen til eleven, før kvar del blir vurdert med tanke på innhald, struktur og språk. Til slutt blir det sett ein karakter som viser elevens kompetanse.

Sensor må vurdere elevens kompetanse med utgangspunkt i læreplanen, eksamensrettleiinga og vurderingsmatrisa. Vurderinga med karakter skal basere seg på eit samla inntrykk av elevens kompetanse slik han kjem fram i eksamenssvaret.

Innhald, struktur og språk

Tekstforståing kan komme til uttrykk både som direkte svar på oppgåver knytte til førebuingmaterialet, og/eller gjennom at eleven bruker denne forståinga i utforminga av eigne tekstar.

I eit godt svar kommuniserer tekstane. Det vil seie at tekstane er tilpassa kommunikasjonssituasjonen dei skal fungere i, i tillegg til å ha eit relevant innhald, klar struktur og eit funksjonelt språk.

Bruk av tidlegare eksamensoppgåver, eksamenssvar med grunngiving for karakteren og eksamensrapportar

Utdanningsdirektoratet har publisert materiell til bruk i førebuing til eksamen og som grunnlag for diskusjonar om vurdering av eksamenssvar:

- [Eksamensoppgåver frå dei tre siste åra](#) gir eksempel på korleis eksamensoppgåvene i engelsk kan sjå ut. Skolane har fått tilsendt passord.
- Eksamenssvar med karakter frå 2014, med grunngjeving for karakterane.
- Eksamensrapporten gir informasjon om eksamensoppgåvene og sensuren frå 2017:

Dette finn du på <https://sokeresultat.udir.no/eksamensoppgaver.html>

5 Kjenneteikn på måloppnåing

Kjenneteikn på måloppnåing kan utformast som ei meir utfyllande beskriving eller samlast i ei kortfatta matrise. Vurderingsmatrisa på side 7 har beskrivingar av kjenneteikn på måloppnåing til sentralt gitt skriftleg eksamen i engelsk etter Vg1 SF/Vg2 YF.

Vurderingsmatrisa beskriv kjenneteikn på måloppnåing innafor tre nivå med utgangspunkt i kompetansemåla. Kjenneteikna beskriv nærmare kva for eksempel «nokså god til god kompetanse» i faget vil seie for eit eksamenssvar på dette nivået. Oversikta over kjenneteikn i vurderingsmatrisa må ikkje oppfattast som uttømmende, og sensor må bruke rettleiingsmateriellet, kompetansemåla i læreplanen og profesjonelt skjøn for å vurdere elevens kompetanse slik han kjem fram i kvart enkelt svar.

Beskrivingane skal bidra til ei felles forståing av krava til eksamen og til ei meir rettferdig vurdering. Alt eleven leverer, skal vurderast som ein del av elevens kompetanse. Kjenneteikna er til hjelp for sensor i å definere kvaliteten på elevsvaret. Ved å bruke kjenneteikn på måloppnåing kan sensor danne seg eit bilete av kompetansen til eleven, slik han kjem fram i eksamenssvaret.

Karakteren 1 skal brukast i dei tilfella der oppgåvesvaret som heilskap viser svært låg kompetanse i faget. Svar som heilt viser seg å vere kopi av tidlegare publisert materiell, vil også bli vurdert til karakter 1.

Kjenneteikn på måloppnåing for ENG1002 og ENG1003 ved sentralt gitt skriftleg eksamen

Karakter Hovedområde	2 Svaret	3-4 Svaret	5-6 Svaret
Språk-læring; Skriftleg kommunikasjon; Kultur, samfunn og litteratur	<p>inneheld stort sett relevante oppgavesvar som viser ei viss forståing for tema, instruksjonar, krav til omfang og kjelder som er brukte</p> <p>gjer greie for emne med noka overflatisk drøfting og noko sjølvstende, innhaldet er delvis underbygd av relevante eksempel</p> <p>viser at eleven i nokon grad bruker relevant innhald frå ulike kjelder</p>	<p>inneheld relevante oppgavesvar som viser forståing for tema, instruksjonar, krav til omfang og kjelder som er brukte</p> <p>gjer greie for og til ein viss grad utdjuar og drøftar emne på en sjølvstendig måte, innhaldet er underbygg med relevante eksempel</p> <p>viser at eleven bruker og i nokon grad integrerer relevant innhald frå ulike kjelder og fører dei opp</p>	<p>inneheld relevante og presise oppgavesvar som viser god forståing for tema, instruksjonar, krav til omfang og kjelder som er brukte</p> <p>gjer greie for, utdjuar og drøftar emne på ein sjølvstendig og grundig måte, innhaldet er godt underbygd med velvalde eksempel</p> <p>viser at eleven bruker og integrerer relevant innhald frå ulike kjelder på en sjølvstendig, kritisk og etterprøvbar måte</p>
Tekst-struktur	<p>inneheld tekstar med ei viss tilpassing til teksttype, digitale formkrav, formål og situasjon</p> <p>har tekstar med ein viss logisk struktur og noko flyt</p> <p>inneheld tekstar med ein viss samanheng og noko tekstbinding</p>	<p>inneheld tekstar som stort sett er tilpassa teksttype, digitale formkrav, formål og situasjon</p> <p>har tekstar med stort sett logisk struktur og flyt</p> <p>inneheld stort sett samanhengande tekstar og formålstenleg bruk av enkel tekstbinding</p>	<p>inneheld tekstar som er tilpassa teksttype, digitale formkrav, formål og situasjon</p> <p>har tekstar med klar og logisk struktur og god flyt</p> <p>inneheld tekstar med god samanheng og variert og formålstenleg bruk av tekstbinding</p>
Språk	<p>viser eit enkelt ordforråd</p> <p>viser noko bruk av relevante faglege ord og uttrykk knytte til eige utdanningsprogram</p> <p>viser at språket er noko tilpassa teksttype, formål og situasjon</p> <p>har tekstar med riktig bruk av nokre idiomatiske uttrykk, setningstypar og setningsstrukturar</p> <p>viser korrekt bruk av nokre sentrale ordbøyingmønster, rettskriving og teiknsetjing</p>	<p>viser eit generelt ordforråd</p> <p>viser bruk av relevante faglege ord og uttrykk knytte til eige utdanningsprogram</p> <p>viser at språket i stort sett er tilpassa teksttype, formål og situasjon</p> <p>har tekstar med noko variert og stort sett korrekte og formålstenlege sentralidiomatiske uttrykk, setningstypar og setningsstrukturar</p> <p>viser stort sett korrekt ordbøying, rettskriving og teiknsetjing</p>	<p>viser eit breitt og relevant generelt ordforråd</p> <p>viser formålstenleg bruk av relevante faglege ord og uttrykk knytte til eige utdanningsprogram</p> <p>viser at språket er tilpassa teksttype, formål og situasjon</p> <p>har tekstar med korrekte, varierte og formålstenlege idiomatiske uttrykk, setningstypar og setningsstrukturar</p> <p>viser tilnærma korrekt ordbøying, rettskriving og teiknsetjing</p>

Karakteren 1 uttrykkjer at svaret viser lågare måloppnåing enn det som det er gjort greie for ovanfor

Vurderingsskjema, ENG1002 og ENG1003

Kandidatnr.: _____ Karakter: _____

Kompetanse		1	2	3-4	5-6	Grunngiving
Skriftleg kommunikasjon	Språklæring Skriftleg kommunikasjon Kultur, samfunn og litteratur					
	Innhald					
	Tekststruktur					
	Språk					
Kompetanse og ytterlegare kommentarar						

Blank side



Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
www.utdanningsdirektoratet.no